



Kultur- og sørvistorget

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/78 - 15/1482

Saksbehandlar:

Sveinung Kvamme

sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:

05.02.2015

Melding om utlegging av eigedomsskattelister 2015

Eg ber om at følgjande melding vert teken med i neste fellesannonse i Strilen, som går ut 18. februar:

I samsvar med eigedomsskattelova § 15 og Radøy kommune sine vedtekter for sakkuning takstnemnd, §7, vert det 2. mars 2015 lagt ut skatteliste til offentleg gjennomsyn. Lista syner dei skattepliktige eigedomane med adresse, matrikelnummer, skattetast på eigedomen, skattesats og utrekna sum eigedomsskatt. Skattelista er tilgjengeleg på sørvistorget og på Radøy kommune sine heimesider, www.radoy.kommune.no. Skattelista vil vera tilgjengeleg i tre veker frå 2. mars 2015.

Eigar eller rekningsmottakar kan klaga på taksten som er lagt til grunn for eigedomsskatten. Klage kan setjast fram kvart år i samband med utskrivning av eigedomsskatt, dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare år. Klage må sendast skriftleg innan seks veker etter utlegginga.

Klage skal sendast til:

Radøy kommune
Eigedomsskattekontoret
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tilsvarande informasjon må også leggjast på kommunen si heimeside.

Med helsing

Sveinung Kvamme
Økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kultur- og sørvistorget